



Statsministeren opnar Livabygget

Statsminister Jonas Gahr Støre har takka ja til å opne Livabygget ved Førde sentralsjukehus. Det vert no arbeidd utifrå ein opningsdato i siste halvdel av august.



Arbeidet med uteområdet på Livabygget har kome langt.

Program for opningsdagen og gjesteliste er under arbeid. Endeleg dato for opninga vert først sprikra når invitasjonane går ut ei tid på førehand.

Programmet legg opp til at statsministeren får ei omvising i Livabygget før sjølve opningsseremonien. Etter snorklipping vert det opningsfest i hangaren for inviterte gjestar.

Det blir også planlagt for ulike andre arrangement i samband med at Helse Førde overtek bygget frå hovudentreprenøren Veidekke. Mellom dei er ein open dag der publikum får høve til å sjå bygget, og ein familiedag for oss som arbeider i føretaket.